
Vår referanse 2021/5599-7
Dato 22.04.2021

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsveien 10
5470 Rosendal

Att.: Harald Maaland

Innspel til melding om oppstart av planarbeid med planprogram for områderegulering av grøn næringspark, Kvinnherad kommune. PlanID 2020005

Vi viser til brev datert 16.02.21 om oppstart av arbeid med områderegulering for for «Grøn næringspark» mellom Husnesstripa og Sør-Al i Kvinnherad kommune, med planprogram.

Føremålet med planarbeidet er næringsareal for grøn omstilling i tråd med FN sine berekraftsmål og vedtekne nasjonale klimakutt. Det skal leggjast til rette for gjennomgåande gang og sykkelveg gjennom området. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til industri. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Meir informasjon om regionale planar, plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Vurdering og innspel til planoppstart

På generelt grunnlag ber vi om at det vidare planarbeidet tek omsyn til følgjande tema:

- Areal og transport
- Barn og unges interesser
- Arkitektur og estetikk
- Folkehelse
- Friluftsliv
- Klima og energi
- Landskap
- Naturmangfald
- Næring
- Kulturminne og kulturmiljø
- ROS
- Senter- og tettstadutvikling
- Samferdsel
- Strandsone
- Universell utforming

For enkelte av tema har ein også meir utfyllande merknadar til planarbeidet:

Planfaglege merknader

Planprogrammet er strukturert og viser på ei oversikteleg måte kva for tema som skal utgreiast, og kva metodar som skal nyttast i arbeidet. I det vidare arbeidet med planutkastet bør planverktøyet nyttast til å legge tydelege føringar for utbygginga. For dei tema som det offentlege, høringspartane eller ålmenta har interesse i bør ein legge opp til at detaljane i utbygginga vert definert ved føresegner i planen. For fylkeskommunen er det særleg viktig at detaljane for dei tema vi har interesse i som høringspart, vert definert i planen.

Konsekvensutgreiinga skal ta føre seg både prisgitte og ikkje prisgitte konsekvensar. Dei prisgitte konsekvensane er tilrettelegging av veg, teknisk og blågrøn infrastruktur, energiløysingar og massehandsaming. Dei ikkje prissette konsekvensane er naturverdiar, landskap, nærmiljø og friluftsliv, transport, berekraftig økonomisk vekst, klimagassutslepp, helse og livskvalitet. Dette er positivt. Planprogrammet skildrar ein grundig metodikk for konsekvensutgreiing.

Det er positivt at det vert lagt opp til å vurdere to ulike alternative vegløysingar, inkludert 0-alternativet. Dette vil synleggjere dei ulike problemstillingane. Det er også to alternative planavgrensingar - med og utan «Stripo»-området vedteke i 2014. Planprogrammet tilrår alternativ B utan Stripo-området, og grunnjev dette på ein god måte. Ein kan ved dette alternativet oppnå ein meir einskapleg visuell identitet ved bruk av grønne vegetasjonsbelte, lik lyssetjing og skilting av vegar.

Friluftsliv, landskap og blågrøne strukturar

Det er viktig at planlegginga tek omsyn til landskapsverknadene av nye byggetiltak og infrastruktur, og at utforming av bygg og uterom skapar gode butilhøve. Ein bør leggje vekt på terrengtilpassing av nye bygg og unngå store skjeringar og fyllingar. Det er positivt at handsaming av bekkar og overflatevatn skal utgreiast saman med temaet landskap, blågrøne strukturar og VA plan. Planprogrammet skildrar på ein god måte dagens situasjon, og kva som er utgreiingsbehova på ulike nivå.

Klima, energi og næringsutvikling

Kommunane har mykje ansvar, og kan spele ei viktig rolle i arbeidet med klimaomstilling. I *Utviklingsplan Vestland* vedteke september 2020 er klima løfta fram som ein av fire hovudmål for fylket: «Mål 2 Klima og miljø som premis for samfunnsutvikling». To strategiar i planen er særskilte aktuelle i denne saka:

2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

Planarbeidet med grøn næringspark på Husnes er difor i godt samsvar med fylket sin plan for utvikling. Dei overordna måla i saka, om «å sikra eit sentralt stort, regulert næringsareal til større og mindre næringsaktørar med høge konkrete ambisjonar for grøn omstilling, er i tråd med FN sine berekraftsmål og vedteke nasjonale klimakutt.» Målet for områderuleringsplanen om «å trekkja til seg innovative næringar som ser mogelegheitene i det grønne skiftet» passar godt ikkje berre med fylket sin utviklingsplan, men også med *Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020*. Når det gjeld grøn konkurransekraft og klimainnovasjon er det i handlingsprogrammet sett mål om følgjande: *Vestland fylke skal bidra til målet om nullutslepp av klimagassar innan 2030. På veg mot dette målet skal det vera merksemd på vekst, verdiskaping, innovasjon og kunnskap, som vil gjera at Vestland er først ute med å skape ny grøn teknologi som resten av verda kan ta i bruk.*

Likevel, for at denne planen på Husnes faktisk skal bidra til kutt i klimagassutslepp frå industri, er det viktig at Kvinnherad kommune set høge krav i planarbeidet. Ein må sikre at måla for planarbeidet vert nådd og at den grønne næringsparken bidrar til å nå klimamåla. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet korleis desse utfordringane skal løysast i praksis.

Om ein lukkast her, vil dette kunne vere ein modell og eksempel for korleis ny, berekraftig industri kan utviklast i Vestland. Denne næringsparken vil kunne tiltrekke seg berekraftig industri frå andre delar av landet og verda.

Strandsone

Vi kan ikkje sjå av planprogrammet sitt vedlegg at strandsone er teke med som tema for utgreiing. Ettersom planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til strandsona ber vi om at også strandsone vert vurdert.

Sentrale føringar for utbygging i strandsona er fortetting i eksisterande utbygde område med omsyn til lokale tilhøve, medan urørte område bør heldast fri for inngrep, samt at nye tiltak bør trekkast så langt unna sjø som mogleg og i retning frå sjøen. *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* har retningslinjer som støtt oppom sentrumsutvikling for byer og tettstader som har sitt definerte sentrumsområde innanfor 100-metersbeltet til sjø. Ved utbygging må likevel omsynet til andre interesser ivaretakast best mogleg.


Maritim næringsverksemd er avhengig av hamneområde og tilkomst til desse. Samstundes er det eit aukande behov for testområde, ankrings-, rigg- og opplagsområde i sjøområda. Tilgang på sjøareal vil for ein del av næringsaktørane vera avgjerande for om dei kan ekspandere både drift og type aktivitet. Dette er også relevant for om nye næringsaktørar etablerer seg i regionen. Eksisterande næringsareal på land og etablering av nye må sjåast i samanheng med kva aktivitet det er på sjøen. Vidare er det viktig at ein ser på tvers av kommunegrensene når det gjeld tilkomst og ferdsel.

I Husnes er det også kai med anløp av skip i internasjonal trafikk, samt reiselivsanlegg i sjø av regional betydning. Dette må det forvaltast på ein god måte.

REGIONALT VIKTIGE NÆRINGSOMRÅDE VED SJØ

Område som oppfyller kriteria for regionalt viktig næringsområde ved sjø:

- Kai med anløp av skip i internasjonal trafikk (ISPS-godkjend)
Gjeld alle typar kaiar (fiskeri, industri, cruise)
- Industrikai, regionalt viktig
- Statleg fiskerikai, mottaksanlegg for fisk, fiskeslakteri
- Landbasert akvakultur (ved sjø), og andre kaiar av regional betydning for fiskeri og havbruk
- Reiselivsanlegg ved sjø, med regional betydning
- Andre næringsområde, sentrumsområde og stader med arbeidsplassar



Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi kan ikkje sjå at planprogrammet har kulturminne som utgreiingstema. Kulturminnet Postvegen er likevel nemnt og her må tiltakshavar avklare denne sin status med Statens Vegvesen som er eigar av postvegane.

Det er kjent nokre funn frå garden Onarheim (Undarheim) frå før, tre gravfunn som alle ligg på vestsida av Søral. I nærleiken av planområdet ligg ein busetnadslokalitet frå siste del av eldre steinalder, id. 135141. Denne ligg ca. 70 meter vest og vel 100 meter sør for planområdet.

Den søre delen av planområdet har tidlegare vore synfare og avklara i samband med andre plansaker. Den no omsøkte områdeplanen omfattar store areal mellom Fv 500 og tidlegare planområde. Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i sjølve planområdet, men ut storleik på arealet og potensial for nye funn, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

Samferdsel

Det kjem fram av planprogrammet at dagens trafikkmengder og forventa trafikkauske i framtida ved full utbygging av industriområdet skal reknast ut. Dette skal vidare vurderast i høve kapasitet på vegnettet og kryss og behov for oppgradering. Me forutset difor at fylkesvegane er ivareteke i det vidare planarbeidet. Minner om at kryssa då må utbetrast etter Satens vegvesen sine gjeldande vegnormalar.

Ved vurdering av dei ulike alternativa, under samanstilling av alt 1 og alt 2, er det vurdert å etablere ny avkøyring frå fylkesvegen. Det er uklart kvar avkøyrsla er føreslått, men i utgangspunktet ynskjer me ikkje at det vert etablert fleire avkøyrslar med omsyn til den trafikkfaren det medfører. Då kan det vere aktuelt å sanere nokon av dei eksisterande avkøyringane/kryss frå fylkesvegen.

Fylkeskommunen er elles positive til at det vert tilrettelagt for gang- og sykkelveg og busstrase gjennom området.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap, naturmangfald, friluftsliv, blågrøne strukturar, strandsone, klima og energi, næringsutvikling, samferdsel, kulturminne og kulturmiljø. Vi har ikkje vesentlege merknader til planprogrammet.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål til planarbeidet og regionale planar.

Med helsing

Eva Katrine Taule
fagleiar kommunal plan

Nina Gjester Hoel
spesialrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for Plan, klima og folkehelse, Stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering

Tore Olderkjær Solheimslid, Seksjon for grøn vekst, klima og energi, Avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Guri Finne Sognnæs Seksjon for Forvaltning , Avdeling for infrastruktur og veg

Lars Øyvind Birkenes, Seksjon for Kulturarv, Avdeling for kultur, idrett og inkludering

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD
BERGEN

Kaigaten 9